



Dødsbu etter Øystein Egill Tvedt v/ Ørjan Tvedt  
Kokstadvegen 9  
5257 KOKSTAD

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3874 - 15/29582

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
25.09.2015

## Utsleppsløyve - etablering av slamavskiljar gbnr.: 139/85 Tveiten Nedre

### Administrativt vedtak. Saknr: 388/15

**Tiltakshavar:** Dødsbu etter Øystein Egill Tvedt v/Ørjan Tvedt  
**Ansvarleg søker:** Hjelmås VVS AS (via Ingeniør Aarland AS)  
**Type utslepp :** Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe  
**Søknadstype:** Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak

Saka gjeld søknaden om nedsetting av slamavskiljar i eksisterande tett leidning til sjø på eigedom gbnr. 139/85. Storleiken til utsleppet er opplyst til 5 pe.  
Det vert elles vist til søknad mottatt 07.09.15.

Det vart 24.09.15 i administrativt vedtak saknr.: 389/15 gjeve dispensasjon og løyve til blant anna nedsetting av slamavskiljar. Det vart oppretta dokumenttilsyn i saka med omsyn til plassering av slamavskiljar lågare enn kote c+5 moh med tanke på tilbakeslag av sjøvatn inn i tanken og omkringliggjande problematikk. Det er 25.09.15 kommen inn etterspurd dokumentasjon som syner plassering av 7 m<sup>3</sup> slamavskiljar dimensjonert for 2 bustadar (10 pe) med følgjande forklaring:

- Det monteres en 7m<sup>3</sup> slamavskiller med 3 kammer der alt avløpsvann samles og pumpes gjennom utslippsledning til sjø. Se forslag skissert på vedlagte kart, tegninger og dokumentasjon på slamavskiller.
- Da utløpet fra slamavskiller er under kote +3 moh. etableres det pumpe med tilbakeslagsventil i siste kammer på slamavskilleren.
- Nivåalarm må monteres.
- Slamavskiller må forankres godt for å unngå oppdrift ved tømning.



### Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart i målestokk 1:500 datert 27.06.14 revidert 30.08.15, siste revisjon dagsett og datert 25.09.15.

### Nabovarsel

Partar og andre som vert råka av utsleppet er varsla og er gjeve høve til å uttale seg innan fire veker frå varsel er sendt, jf. forureiningsforskrifta § 12-4 nr 2. Det har ikkje komen merknader til søknaden.

I medhald av reglane i pbl. § 21-3 andre ledd vert det gjeve fritak for ny varsling som følgje av justert storleik på slamavskiljar. Ein finn at deira interesser ikkje vert råka av arbeidet, slamavskiljaren er varsla. Med omsyn til forureing vil nedsetting av slamavskiljaren betre tilhøve i Alverstraum med omsyn til utslepp frå eigedom gbnr. 139/85.

### Privatrettslege tilhøve

Anlegget skal plasserast på tiltakshavar si eigedom og er ikkje avhengig av privatrettslege løyve.

### **Tilkopling til eksisterande anlegg/leidning**

Tiltaket er ei rehabilitering av eksisterande anlegg. I dag går utslepp frå dei to bueiningane på eigedomen ureinsa i tett leidning til sjø. Påkobling av slamavskiljar på eksisterande tett leidning til sjø vil vere ei forbetring av dagens situasjon og gje ein miljøgevinst.

### Dispensasjon

Det er gjeve dipsenasjon i administrativt vedtak saknr.: 389/15, datert 24.09.15.

### Plassering

Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen sin vurdering godkjennast i samsvar med kart datert 27.06.14 revidert 30.08.15, siste revisjon datert 25.09.15 syner plassering av 7 m<sup>3</sup> slamavskiljar med tilbakeslagsventil og pumpe.

### Reinsekrav

Søknad om utsleppsløyve kan etter kommunen sin vurdering godkjennast slik den ligg føre med krav til 20 % reduksjon av suspendert stoff, jf. forureiningsforskrifta § 12-9 utslepp i mindre følsomt område .

### Godkjenning etter andre lovverk

Plassering av leidning i sjø må godkjennast etter hamnelova før arbeidet kan setjast i verk. Med omsyn til til tiltaket fører det ikkje til ei endra situasjon/inngrep i sjø. Slamavskiljar koblast på eksisterande leidning til sjø. Kommunen har ikkje vurdert det naudsynt å sende søknad på høyring, men sender vedtak til Bergen og Omland hamnevesen til klagevurdering.

Før arbeidet med etablering av anlegget kan setjast i verk må det søkjast om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova.

VEDTAK:

**Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for utslepp frå slamavskiljar dimensjonert for 10 pe. Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:**

1. Vilår gjeve i administrativt vedtak i sak 389/15 datert 24.09.15 skal stettast.

**Det er ei føresetnad for løyve at Ørjan Tvedt har naudsynnte rettigheter til å opptre på vegne av dødsbu etter Øystein Egill Tvedt.**

**Dokumenttilsyn oppretta i sak 14/3874 jf. adm. Vedtak 389/15 datert 24.09.15 vert avslutta.**

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneberer ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

#### Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller innstillast arbeidet i lengre tid enn to år, faller retten til å etablere utsleppet bort. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

#### Ferdigstilling

Når arbeidet med etablering av avløpsanlegget er ferdigstilt skal den ansvarlege for arbeidet skriftleg melde i frå til kommunen at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet. Samstundes skal det senast inn stadfesting for montering frå det føretaket som har levert anlegget, og serviceavtale for drift og vedlikehald.

Plassering av anlegg, samt leidningsanlegg med kummar, knekkpunkt og utsleppspunkt skal innmålast og koordinatar skal sendast kommunen, seinast ved førespurnad om mellombels bruksløyve/ferdigattest. Anlegget eller nokon del av det kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest etter plan- og bygningslova.

#### Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmak og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på

utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekke kostnad knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyyet, sette nye vilkår og om naudsynt kalle tilbake løyyet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.

### Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
17.2.3 a	For utslepp kalkulert mindre enn 50pe	1*5.600,-	Kr. 5.600,-
17.2.2	Reduksjon etter ureiningslova sitt gebyr	70 % fråtrekk	Kr. 3.920,-
	Totalt gebyr å betala		Kr. 1.680,-

### Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klagen skal vere grunnigjeven.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket og gebyret kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnigjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/3874

Med helsing

Tor Hegle  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:

Bergen og omland havnevesen	Postboks 6040	5892	BERGEN
Hjelmås VVS AS	Leknesvegen 183	5915	HJELMÅS
Ingeniør Aarland AS	Eidsvågbakken 1	5105	EIDSVÅG I ÅSANE

### Mottakarar:

Dødsbu etter Øystein Egill Tvedt v/ Ørjan Tvedt	Kokstadvegen 9	5257	KOKSTAD
---	----------------	------	---------